

## Møtereferat

Dato: 05.02.2018

Emne:	<b>Referat styringsgruppemøte samarbeid skule/næringsliv Bømlo</b>		
Til stades:	Oppføringsavdelinga: Svein Heggheim, Sissel Øverdahl, Tor Ivar Sandvik Rubbestadnes vgs: Rune Gåsland Bømlo kommune: Bjørn Håvard Bjørklund Eidesvik: Erling Lodden Servogear: Tor Djuve		
Forfall:			Sak: 2017/4991-13
Møtetid:	08:30-11:00	Møtestad: Fylkeshuset, rom 616	

**Møteleiar: Svein Heggheim****Referent: Tor Ivar Sandvik**

### 1/18 Formell konstituering

Leiar av styringsgruppa (SL) konstituerte møtet.

### 2/18 Arbeid med mandat – signal til prosjektgruppa

SL gjekk gjennom deler av oppdragsspesifikasjon som grunnlag for korleis styringsgruppa (SG) ser for seg at oppdrage skal forståast.

Referat frå første prosjektmøte viser at diskusjonane var på eit konkret nivå. SG meiner prosjektgruppa (PG) bør løfte blikket i denne fasen av prosjektet for å unngå å innsnevre prosjektet i ein tidleg fase.

Sentrale spørsmål for arbeidet i denne fasen av prosjektet er

- Korleis er det vi ønskjer at ein vidaregåande skule på Bømlo skal sjå ut?
- Kva er det vi ønskjer å oppnå i prosjektet?
- Kva kjenneteiknar ein dyktig fagarbeidar?
- Kva kompetansar ønskjer vi å ruste elevane med?

Tidleg i utviklingsfasa må ein tenkje vidt, og unngå avgrensingar. Ein må leite etter mogelegheitene, og skalere inn etterkvart. Prosjektarbeidet er avhengig av ein høg grad av forplikting mellom dei ulike aktørane.

Jf. oppdragsspesifikasjon skal modellen som blir utarbeidd kunne overførast til andre utdanningsprogram lokalt og nasjonalt. For å få ein overføringsverdi må ein først og fremst lykkast med noko lokalt, og ikkje låse seg til at modellen først og fremst skal vere allmenngyldig. Ein må starte med dei behov ein kjenner i dag, og samtidig sjå framover.

Oppdragsspesifikasjonen seier også at det skal vurderast om det er tenleg å knyte forskning og ekstern finansiering til pilotprosjektet. Dette må styringsgruppa etterkvart ta stilling til. For å kunne søkje nasjonale forskingsmidlar må ein ha konkrete resultat å vise til. Det kan også vere aktuelt å bruke lokale ressursar.

### **3/18 Leveransar i prosjektet, jf. oppdragsspesifikasjon**

Beskrive eit framtidsbilete, jf. pkt 2: PG arrangerer eit «framtidswerkstad». Inviterer med styringsgruppa og relevante aktørar frå skule, næringsliv, opplæringskontor og kommune. Viktig at prosjektet held tempo i arbeidet.

Jf. pkt. 2, bør tematikk på ein «framtidswerkstad», vere:

- Korleis er det vi ønskjer at ein vidaregåande skule på Bømlo skal sjå ut?
- Kva er det vi ønskjer å oppnå i prosjektet?
- Kva kjenneteiknar ein dyktig fagarbeidar?
- Kva kompetansar ønskjer vi å ruste elevane med?

På bakgrunn av framtidswerkstaden, utarbeide ein GAP/SOFT-analyse, som inngår som ein viktig del av prosjektplanen: Kor er vi, kor skal vi? Kva må elevane kunne og på tidspunkt i opplæringa? Kva behov har næringslivet – utfordre dei til å legge fram kva dei forventar er resultat av ein framtidig opplæringsmodell.

Viktigheit av elevane sin sosiale kompetanse blei trekt fram. Her må ein sjå overordna del av læreplanverket inn i arbeidet og synleggjerast i prosjektet.

Auka yrkesretting av fellesfag må også inngå som ein del av arbeidet.

Etter at PG har levert analyse til SG for drøfting, kan behov for studietur eller orienteringar frå skular med alternative opplæringsmodellar vurderast.

Alternative modellar må famne om alle elvar, uavhengig av føresetnader. Når alternative modellar legg opp til enda tettare samarbeid skule/næringsliv, må det ligge til grunn eit forpliktande samarbeid mellom aktørane.

Lærarane sin kompetanse og behov for kompetanseutvikling blei diskutert med bakgrunn i hospitering. Lodden refererte til velvilje hos næringslivet til å organisere uformell hospitering for lærarar på Bømlo. Samtidig har HFK ei søkbar hospiteringsordning, som opnar for at lærarane kan vere utplassert i bedrift og tilsette i næringslivet kan hospitere i skulen.

Sjå overgang frå grunnskule til Vg1 inn i arbeidet. Korleis førebu elevane på vidaregåande skule? Korleis kan vi løyse yrkes- og utdanningsrettleiing betre enn i dag? Tema var tatt opp på bakgrunn av samanheng mellom elevane sin valkompetanse og sjanse for omval/avbrot. Faget utdanningsval er eit verkemiddel. Dette er ikkje det viktigaste i første omgang, og noko PG må sjå på etterkvart. Går inn som ein milepæl.

Kortsiktige leveransar i stikkordsform:

- «Framtidswerkstad» - kompetansebehov. Tidsperspektiv: Uke 9 eller 10.
- Korleis kan opplæringa gå føre seg på dei ulike arenaene?
- GAP/SOFT-analyse

#### Prosjektplan:

Prosjektplan handsamast politisk i utval for opplæring og helse, og fylkesutvalet. Det betyr at prosjektleiar må levere ferdig prosjektplan seinast 15.5.18.

Fylkesadministrasjonen har sendt melding til utval for opplæring og helse om utsetting av prosjektplan, og er på sakskartet i møte 6.2.18.

Prosjektplan må vere tydeleg på ulike leveransar.

**4/18 Andre oppdrag styringsgruppa ser må prioriterast**

I denne perioden av prosjektet prioriterast oppgåve som vist til i referat.

**5/18 Innspel om forsterkingar i prosjektet, frå Erling Lodden**

Styringsgruppa vedtok å ta i mot tilbod om prosjektstøtte frå næringslivet på Bømlo. Nina Ingvaldsen blir fristilt i første omgang for perioden fram til prosjektplan er vedteke i SG. Næringslivet på Bømlo dekkjer lønskostnader. Ho blir ei viktig støtte i arbeid med workshops og framdriftsprosessar, og rapporterer til prosjektleiar. Erling Lodden tek kontakt med Ingvaldsen for å stadfeste engasjementet. Prosjektleiar inviterer til eit møte i Bergen tidleg februar, før planlagd PG-møte medio februar.

Det er indikert ein stillingsbrøk på 50 %, men prosjektleiar og Ingvaldsen koordinerer dette, og må vurdere etter arbeidsmengde og fordeling av oppgåver. Rolleavklaringar og arbeidsdeling mellom prosjektleiar og -koordinator er viktig. SG trekte fram at prosjektkoordinator kan gjennomføre delworkshop lokalt på Bømlo utan deltaking frå prosjektleiar.

**6/18 Vurdere behov for ressursgruppe knytt til prosjektgruppa**

Styringsgruppa diskuterte behov for ei formell referansegruppe knytt til prosjektet. Konklusjon blei at det ikkje blir oppretta ei referansegruppe, men at prosjekt- og styringsgruppa skaffar seg dei referansar som det er behov for gjennom allereie eksisterande kontaktnett. Deltakarane må vere bevisste på eigne nettverk og bruke desse aktivt.

Prosjektleiar har ansvar for å følge opp kvalitet i nettverksarbeid, produksjon og leveranse. Rapporterer til styringsgruppe ved behov for vidare oppfølging.

**7/18 Eventuell studietur**

Jf. sak 2/18 og 3/18, vert behov for studietur og anna ekstern input vurdert seinare i utviklingsfasen. Ein SOFT/GAP-analyse ligg til grunn for vurdering av behov.

**8/18 Budsjett for 2018**

SL viste til oppdragsspesifikasjon og budsjett. I utviklingsfasen er det tid som er ein kritisk ressurs. Når prosjektet nærmar seg implementering av modell, kan det bli andre behov.

Om kostnader til fagressurs skule: Opplæringsavdelinga kjem tilbake til saka.

**9/18 Møteplan**

Forslag til møtepunkt i SG er:

Mars: For å følge opp framtidswerkstad og påbegynt SOFT/GAP-analyse.

Mai: Oppfølging og endeleg vedtak prosjektplan

Møta kan ha fysisk eller digital form, avhengig av behov. Møta blir sett i samanheng med arbeidsgruppemøte i PG.

Vidare blir det lagt til rette for to møte til hausten 2018.

## **10/18 Eventuelt**

### Kommunikasjon i prosjektet:

Prosjektplan må vere tydeleg på kommunikasjon i prosjektet. Det blei drøfta om styringsgruppa bør slippe nokre positive nyhende som kan gi litt ro lokalt. Ein bør finne eit godt tidspunkt og god vinkling som viser status, og retning i arbeidet. Erling Lodden sonderer lokalt og gir tilbakemelding til Svein Heggheim.

Prosjektet kan også profilerast lokalt på HFK sine nettsider. NRK Hordaland er også eit mogeleg kontaktpunkt.

### Informasjonsdeling

Opprette ein plattform for deling av dokument mellom og innad i PG og SG. Ansvar: Prosjektleiar.